



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2112 - 15/14115

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
26.11.2015

## Lokalsamfunns- og næringsutvikling i landbruket

Vi viser til dykkar brev dagsett 25.11.2011 med ref nr 2011/11028 med løyving kr 50 000 for lokalsamfunnstiltak Cittaslow.

Vi har gjennomført RadøyStreifen, veteranbusstur med noko av det Radøy har å by på. Vi legg ved programmet for tilskipinga og ruta over Radøy som vart gjennomført med to fylte veteranbussar av interesserte og ihuga innbyggjarar på den grønne øya.

Vi har også gjennomført ope folkemøte 19.04.2012, der nærings sjefen i Sokndal kommune som er Noregs første Cittaslow-kommune, Nils Jacobsen tok del saman med hotelldirektøren for Sokndalstrand kulturhotell. Vi hadde ei tilskiping med fokus på kva Radøy som Cittaslow-kommune kan bety for næringsutviklinga og næringsaktørane i Radøy kommune. Vi legg ved avisa som vart gitt ut i høve kulturdagane 2012 med omtale av ope folkemøte på Smith'en om Cittaslow.

Vi har også teke del i nordisk nettverksmøte for Cittaslow-kommunane. Det var ei samling i Sokndal kommune der også medlemmene frå Eidskog, Danmark, Sverige og Levanger tok del ilag med Sokndal kommune som var vertskap for samlinga. Denne nettverkssamlinga var svært nyttig for å hauste erfaring frå dei ulike kommunane som er Cittaslow-kommunar, og korleis dei har arbeidd for å lage positive miljøskapande tilskipingar for innbyggjarane sine, og aktivt næringsutviklingsarbeid basert på ressursane i dei ulike kommunane. Det vart også utveksla erfaring med utfordringane knytta til forankring av Cittaslow-tankegangen mellom innbyggjarane og korleis ein i fellesskap administrasjon og næringsliv har møtt desse utfordringane.

Vi legg ved rekneskap for utgiftene i samband med tilskipinga av desse arrangementa.

Det har vore viktig for heimstadkjensla og oppbygginga av identitet til Radøy - den grønne øya – som ein Cittaslowkommune gjennom desse tilskipingane med smakebitar av kva Radøy har å by på. Både når det gjeld gardsmatproduksjon, næringsliv, kultur, historie og aktivitetstilbod. Vi finn vi har fått gjort svært mykje for løyvinga vi vart tildelt, og vi ville hatt store utfordringar med å klare å gjennomføre desse tilskipingane utan støtte frå lokalsamfunnsmidlane frå fylkesmannen.

Radøy er ein kommune med om lag 5000 innbyggjarar. Vi har ikkje råd til ein eigen person som er dedikert til å drive utadretta arbeid med næringsutvikling. Slike tiltak som dette er svært kjærkome for å motivere fleire til å utvikle eigen næring basert på ressursane i bygd og landbruk. Nettverket som er vorte danna gjennom desse tilskipingane har gitt grobotn for vidare satsing innan reiseliv når det gjeld mat og overnattingstenester.

Vi vil med dette be om utbetaling av 50 000 kr til Radøy kommune for gjennomført tiltak innan lokalsamfunns- og næringsutvikling i landbruket knytt til Cittaslow.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Nyt\_Radøy\_2012-1  
20151126091637  
Cittaslow 2011  
20151126091537  
20151125124123

**Kopi til:**

Dirk Kohlmann

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN